




INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

DELÅRSRAPPORT

&

REKNESKAP

4. kvartal 2013



Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 31.12.2013

Rekneskapen for 4. kvartal 2013 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering". IFRS-rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdier i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve. Konsernet vart danna 01.05.2013, slik at morbank 2012 er både morbank og konsern.

Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 20,52 mill. pr. 31.12.2013, mot NOK 37,45 mill. pr. 31.12.2012. Avviket skuldast i hovudsak lågare utbyte. I 2012 var utbyte pr. 31.12.2012 ekstraordinært stort grunna overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS (no Eika Boligkreditt AS). Pr. 31.12.2013 hadde banken NOK 3,53 mill. høgare rentenetto og NOK 4,23 mill. høgare tap på utlån enn pr. 31.12.2012.

Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 31.12.2013 var NOK 15,41 mill. dårlegare enn pr. 31.12.2012. Dersom banken ser bort frå det ekstraordinære utbyte i samband med overtaking av aksjar i Terra Boligkreditt AS (no Eika Boligkreditt AS), er driftsresultat før skatt NOK 5,59 mill. betre enn i fjor.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 31.12.2013 på 6,41 %.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,72 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, det er 0,08 %-poeng betre enn pr. 31.12.2012. Netto renteinntekter auka med NOK 3,53 mill. samanlikna med 31.12.2012. Det skuldast mellom anna lågare innlånskostnader. Det er framleis sterkt press på rentenettoen, men banken har auka marginen siste år.

Driftsinntekter

Pr. 31.12.2013 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 17,18 mill. mot NOK 12,95 mill. pr. 31.12.2012. Dette skuldast auka andre driftsinntekter og gebyr- og provisjonsinntekter. Utbyte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 6,91 mill. pr. 31.12.2013. Til same tid i fjor ga dette eit positivt bidrag på NOK 22,32 mill.

Driftskostnader

Pr. 31.12.2013 var driftskostnadene NOK 52,92 mill. mot NOK 47,88 mill. til same tid i fjor. Auke i driftskostnader kan hovudsakleg relaterast til personalkostnader. Banken har òg utvida kontoret i Bergen grunna vekst. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene 1,55 % pr. 31.12.2013 mot 1,42 % i fjor. Kostnadsprosenten pr. 31.12.2013 er 65,42 %.

Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 31.12.2013 ført tap på utlån med NOK 9,29 mill. mot NOK 5,06 mill. til same tid i fjor. I løpet av 4. kvartal 2013, har morbanken auka individuelle nedskrivingar med NOK 0,95 mill. Gruppenedskrivingane i morbank er reduserte i 4. kvartal 2013 med NOK 0,30 mill. Sum individuelle nedskrivingar i morbank utgjer 0,51 % og nedskriving av grupper utgjer 0,22 % av brutto utlån pr. 31.12.2013.

Kapitaldekning

Pr. 31.12.2013 var banken si kapitaldekning 18,04 % mot 17,50 % pr. 31.12.2012. Utrekningsgrunnlaget har auka frå NOK 1.823,34 mill. pr. 31.12.2012 til NOK 1.897,25 mill. pr. 31.12.2013. Rein kjernekapitaldekning var 10,78 % pr. 31.12.2013 mot 10,34 % pr. 31.12.2012.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 31.12.2013 etter berekna skatt, vart NOK 15,62 mill. mot NOK 31,27 mill. pr. 31.12.2012. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 31.12.2013 utgjer avkastninga NOK 8,34 pr. eigenkapitalbevis etter skatt. I morbank pr. 31.12.2013 er avkastninga NOK 8,51 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Kursen på eigenkapitalbeviset pr. 31.12.2013 var NOK 56,25 ein auke på 17,43 % sidan 31.12.2012. Bokført verdi på eigenkapitalbeviset før utbyte er NOK 130,85.

Utlån

I 2013 er utlåna reduserte med NOK 24,13 mill. eller 0,85 % til NOK 2.824,15 mill. Utlån til personkunder er redusert med NOK 79,57 mill. medan utlån til næringslivet har auka med NOK 55,44 mill. I tillegg yter banken NOK 683,58 mill. i lån til banken sine personkunder via Eika Boligkreditt AS. I 2013 er det ein auke i porteføljen på NOK 191,14 mill. Sett i samanheng med Eika Boligkreditt AS, hadde banken ein samla vekst dei siste 12 månadane på NOK 167,01 mill, eller 5,00 %

Innskot

I 2013 har innskota i banken auka med NOK 59,74 mill. eller 2,88 % til NOK 2.131,21 mill. Innskot frå personkundar har i 2013 auka med NOK 74,00 mill. medan innskot frå næringslivskundar har gått ned med NOK 14,26 mill. Innskotsdekninga pr. 31.12.2013 er 75,46 %.

Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har i 2013 auka med NOK 131,73 mill. til NOK 3.466,71 mill. pr. 31.12.2013, ein auke på 3,95 %.

Dotterselskap

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet vart kjøpt opp den 1. mai 2013 som ein del av banken si strategiske satsing på eigedomsmekling i Indre Sogn. Den 10. desember 2013 utvida banken eigenkapitalen til dotterselskapet med 77 aksjar à NOK 13.000.

Utsiktene framover

Resultatet pr. 31.12.2013 er prega av lågare utbytte, noko auka personalkostnader og høgare tap på utlån. Netto renteinntekter og provisjonar har vist ein fin auke 4. kvartal 2013 og det same har netto vinst på finansielle instrument. Styret har sidan 2011 hatt eit inntekts- og kostnadsprogram. I morbanken har netto provisjonsinntektene og rentenettoen auka med NOK 5,96 mill. siste året, eller 8,77 %. Kostnadane har auka med NOK 3,25 mill. eller 6,80 % i same periode.

Når det gjeld kostnadane så har styret gjennomført fleire tiltak. På sikt vil tiltaka, etter styret si meining, få kostnadane i banken ned. Nokre av dei viktigaste tiltaka er nedlegging av kontoret i Borgund, vedtak om avvikling av kassane ved alle kontora til banken. Som ei følgje av dette har fleire tilsette teke i mot sluttpakkar med gjennomføring i 2014. I tillegg vil overgang frå ytingsplan til innskotsbasert pensjon for tilsette føre til reduserte pensjonskostnader på sikt.

Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Uro i finansmarknaden skaper større usikkerheit om framtidig utvikling enn normalt. Med god soliditet og likviditet er banken godt budd på effektane av ein uroleg marknad. Kapitaldekninga er god, men banken vil styrke den reine kjernekapitalen framover. Bankens utbyttepolitikk er uendra. Inntil banken har nådd måla sine i høve rein kjernekapital, vil dette påverka utdelingsgraden.

Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Det vart ei svært spesiell veke i banken si historie etter katastrofebrannen i Lærdal 18 – 19 januar 2014. Ein brann med so omfattande skadar og fleire familiar som har mist heimane sine, alt dei eig og har, har eit stort omfang. Indre Sogn Sparebank i lag med Eika forsikring har etter beste evne sett kunden i sentrum og yter dei god service og hjelp i ein svært vanskeleg situasjon. No arbeider banken vidare med å vera med å få attreise Lærdal saman med kommunen, forsikringsselskap og andre sentrale aktørar.

Årdalstangen den 06. februar 2014.

Siri Lagmannsås (s.)
Styreleiar

Leif ÅbergE (s.)

Harald Blaaflåt Mundal (s.)

Per Åke Eufestad (s.)

Siv Enerstvedt (s.)

Egon M. Moen (s.)
Adm. Banksjef

Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2013

Me erklærer etter beste overtyding at delårsrekneskapet for fjerde kvartal 2013 er utarbeidd i samsvar gjeldande rekneskapsstandardar òg at opplysningane i rekneskapen gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer òg at delårsrapporten for fjerde kvartal 2013 gjev ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står overfor i 2014.

Årdalstangen den 06. februar 2014.

Siri Lagmannsås (s.)
Styreleiar

Leif ÅbergE (s.)

Harald Blaaflat Mundal (s.)

Per Åke Evjestad (s.)

Siv Enerstvedt (s.)

Egon M. Moen (s.)
Adm. Banksjef

Delårsrekneskap 4. kvartal 2013

	i % av gj.sn. forv.kap.					i % av gj.sn. forv.kap.		
	*Morbank					Konsern		
RESULTAT (i 1.000 kr)	4. kv.13	4. kv.12	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2013	4. kv.13	31.12.2013
Renteinntekter	36.131	34.722	141.024	140.958	4,13 %	141.188	36.163	4,14 %
Rentekostnader	20.546	20.183	82.364	85.840	2,41 %	82.539	20.586	2,42 %
Netto renteinntekter	15.585	14.539	58.660	55.118	1,72 %	58.649	15.577	1,72 %
Utbytte	0	137	5.073	21.479	0,15 %	5.073	0	0,15 %
Provisjonsinntekter m.v.	5.055	4.303	17.508	14.906	0,51 %	17.508	5.055	0,51 %
Provisjonskostnader m.v.	665	570	2.496	2.319	0,07 %	2.510	655	0,07 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	29	-1.883	1.833	841	0,05 %	1.833	29	0,05 %
Andre driftsinntekter	272	95	809	359	0,02 %	2.180	719	0,06 %
Netto andre driftsinntekter	4.691	2.082	22.727	35.266	0,67 %	24.084	5.148	0,71 %
Løn og personalkostnader	6.332	6.056	24.358	22.711	0,71 %	25.180	6.650	0,74 %
Administrasjonskostnader	3.127	2.538	9.857	9.327	0,29 %	10.278	3.459	0,30 %
Avskrivinger på driftsmidler	910	962	3.724	3.655	0,11 %	3.730	916	0,11 %
Andre driftskostnader	3.799	3.011	13.195	12.186	0,39 %	13.735	3.934	0,40 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	14.168	12.567	51.134	47.879	1,50 %	52.923	14.959	1,55 %
Tap på utlån	4.291	2.318	9.286	5.056	0,27 %	9.286	4.291	0,27 %
Driftsresultat før skatt	1.817	1.736	20.967	37.449	0,61 %	20.524	1.475	0,60 %
Skattekostnad	1.119	2.270	5.022	6.183	0,15 %	4.903	1.000	0,14 %
Resultat etter skatt	698	-534	15.945	31.266	0,47 %	15.621	475	0,46 %
Utvida resultat								
Postar som ikke vil bli reversert i ordinært resultat								
Endring i estimatawisk pensjonsordning	-1.406	0	-1.406	2.410	-0,04 %	-1.406	-1.406	-0,04 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat								
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	10.051	1.089	11.537	-15.904	0,34 %	11.537	10.051	0,34 %
						0	0	0,00 %
Utvida resultat etter skatt	8.645	1.089	10.131	-13.494	0,30 %	10.131	8.645	0,30 %
Totalresultat	9.343	555	26.076	17.772	0,76 %	25.752	9.120	0,75 %
Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis	0,37	-0,29	8,51	17,08		8,34	0,25	
	% av forv.kap.					% av forv.kap.		
BALANSE (i 1.000 kr)	*Morbank					Konsern		
Eigendelar			31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2013		31.12.2013
Kontantar og fordringar på sentralbankar			138.505	171.463	3,99 %	138.506		3,99 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			193.293	10.305	5,57 %	193.293		5,57 %
Utlån til og fordringar på kundar			2.803.486	2.827.428	80,85 %	2.804.016		80,87 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			205.889	206.355	5,94 %	205.714		5,93 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal			86.434	80.874	2,49 %	86.649		2,50 %
Investering i dotterselskap			2.301	0	0,07 %	0		0,00 %
Goodwill			0	0	0,00 %	912		0,03 %
Utsett skattefordel			762	288	0,02 %	879		0,03 %
Varige driftsmidler			34.244	37.315	0,99 %	34.244		0,99 %
Andre eigendelar			2.455	952	0,07 %	2.492		0,07 %
Sum eigendelar			3.467.369	3.334.980	100,00 %	3.466.705		100,00 %
Gjeld og eigenkapital								0
Gjeld til kredittinstitusjonar			10.132	137.129	0,29 %	10.132		0,29 %
Innskott frå kundar			2.146.118	2.071.471	61,89 %	2.131.209		61,46 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			901.190	740.378	25,99 %	901.190		25,99 %
Anna gjeld			13.277	17.704	0,38 %	27.847		0,80 %
Pensjonsforpliktingar			2.684	2.944	0,08 %	2.684		0,08 %
Ansvarleg lånekapital			138.371	133.278	3,99 %	138.371		3,99 %
Sum gjeld			3.211.772	3.102.904	92,63 %	3.211.433		92,62 %
Opptent eigenkapital			175.215	136.373	5,05 %	175.215		5,05 %
Innskoten eigenkapital			64.437	64.437	1,86 %	64.437		1,86 %
Udisponert overskot etter skatt			15.945	31.266	0,46 %	15.620		0,45 %
Sum eigenkapital			255.597	232.076	7,37 %	255.272		7,36 %
Sum gjeld og eigenkapital			3.467.369	3.334.980	100,00 %	3.466.705		100,00 %
Postar utanom balansen								
Garantiar			103.331	106.638		103.331		
Garanti Eika Boligkreditt AS			78.213	65.282		78.213		

* Morbank 2012 er både morbank og konsern

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling *morbank pr. 31.12.2013

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 01.01.2012	31.625	32.812	121.291	5.465	8.677	16.184	216.053	
Resultat etter skatt			10.230	10.806	10.230		31.266	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			3.347				3.347	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			-937				-937	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-15.905	-15.905	
Totalresultat 31.12.2012	0	0	12.640	10.806	10.230	-15.905	17.771	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2011				-1.266			-1.266	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-482		-482	
Eigenkapital 31.12.2012	31.625	32.812	133.931	15.005	18.425	279	232.076	
Resultat etter skatt			15.945				15.945	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.926				-1.926	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			520				520	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						11.537	11.537	
Totalresultat 31.12.2013	0	0	14.539	0	0	11.537	26.076	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2012				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-500		-500	
Eigenkapital 31.12.2013	31.625	32.812	148.470	12.949	17.925	11.816	255.597	

* Morbank 2012 er både morbank og konsern

Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 31.12.2013

	Innskoten		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 01.05.2013	31.625	32.812	133.931	15.005	18.425	279	232.076	
Resultat etter skatt			15.621				15.621	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			-1.926				-1.926	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			520				520	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						11.537	11.537	
Totalresultat 31.12.2013	0	0	14.215	0	0	11.537	25.752	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2012				-2.056			-2.056	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-500		-500	
Eigenkapital 31.12.2013	31.625	32.812	148.146	12.949	17.925	11.816	255.272	

Kontantstraumanalyse

i 1.000 kr

	*Morbank		Konsern
	2013	2012	2013
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad	20.967	37.449	20.524
Betalt skatt i perioden	-4.430	-2.950	-4.447
Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	-250	0	-250
Ordinære avskrivningar	3.724	3.655	3.730
Forskjell mellom kostnadsført pensjon og inn/utbet i ordning.	-260	-6.104	-260
Endring utlån (inn- og utbetalingar utlån/utnytta rammekreditt)	23.942	-43.036	23.942
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-126.997	-86.382	-126.997
Endring innskot frå kundar	74.674	102.249	74.674
Endringar verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	466	-8	466
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-7.107	2.670	-6.652
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	-15.271	7.543	-15.270
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar			
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar	250	0	250
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-603	-2.030	-603
Utbetalningar ved kjøp av aksjar i dotterselskap	-2.301	0	-2.301
Innbetalningar ved sal av langsiktige aksjar og andelar i andre føretak	12.880	0	12.880
Utbetalningar ved kjøp av langsiktige aksjar og andelar i andre føretak	-8.274	-31.417	-8.274
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	1.952	-33.447	1.952
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar			
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	298.905	273.770	298.905
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-133.000	-275.000	-133.000
Utbetaling av utbytte	-2.056	-1.266	-2.056
Utbetalningar til gåver	-500	-482	-500
Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar	163.349	-2.978	163.349
Netto kontantstraum for perioden	150.030	-28.882	150.031
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	181.768	210.650	181.768
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	331.798	181.768	331.799
Denne er sett saman av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	138.505	171.463	138.506
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	193.293	10.305	193.293

* Morbank 2012 er både morbank og konsern

1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn, men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2013 til 31.12.2013. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Indre Sogn Sparebank innreknar dotterselskapet Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS i konsernrekneskapet frå og med 01.05.2013 og har utarbeida konserntal for perioden frå oppkjøp til 31.12.2013.

Rekneskapet for fjerde kvartal 2013 vart vedteke av styret 06. februar 2014.

2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i årsrekneskapen for 2012, med tillegg av IFRS 3 for konsernrekneskap frå og med 31.12.2013, er nytta i delårsrekneskapen for fjerde kvartal 2013 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Når det gjeld ytingar til tilsette, pensjon, nytta Indre Sogn Sparebank tidleg bruk av revidert IAS 19 ved konvertering til IFRS i 2011. Prinsippet om at estimatendringar skal presenterast på utvida resultat, er gjennomført frå og med rekneskapsåret 2011. Endringar som følgje av IAS 19R har innverknad på rekneskapstala for 2013 sidan forventa avkasting nå er samordna med diskonteringsrenta. Dette fører til ei forskyving mellom pensjonskostnader i ordinært resultat og estimatendringar i utvida resultat. Innarbeiding av IAS 19R har ført til ein auke i pensjonskostnader i ordinært resultat frå og med 2013, og ein tilsvarande reduksjon i pensjonskostnad i utvida resultat.

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat, viser banken til årsrapporten for 2012 for Indre Sogn Sparebank.

3 Konserndanning

Indre Sogn Sparebank har kjøpt opp og kontrollerer 100 % av Indre Sogn Sparebank Egedomsmeikling AS. Selskapet skal drive med egedomsmeikling i Indre Sogn. Selskapet har tre tilsette.

Selskapet vart overteke 01.05.2013 og er ein del av den strategiske satsinga til banken på egedomsmeikling.

Innrekna goodwill i selskapet skuldast at selskapet har opparbeida seg høg marknadsandel og kompetanse på området. Indre Sogn Sparebank tilbyr eit breiare produkt-spekter som følgje av oppkjøpet og forventar at dette skal betre innteninga.

Den verkelege verdien av føretaket ved kjøp var NOK 1,3 mill. som vart oppgjort med kontantar.

Den 10. desember 2013 utvida banken eigenkapitalen til dotterselskapet med 77 aksjar à NOK 13.000.

Innrekna eigendelar og gjeldspostar på tidspunktet for overtaking

	01.05.2013	01.05.2013
	Verkeleg verdi	Bokført verdi
Utlån til kredittinstitusjonar (Indre Sogn Sparebank)	10.931	10.931
Klientansvar	11.515	11.515

Driftsinntekter og -resultat i dotterselskapet som er inkludert i konsernrekneskapet

	31.12.2013
Andre driftsinntekter (salsinntekter)	1.371
Driftsresultat før skatt	-443

Driftsinntekter og -resultat i konsernrekneskapet dersom dotterselskapet hadde vore overteke ved starten av inneverande rekneskapsperiode

	31.12.2013
Netto renteinntekter	58.646
Andre driftsinntekter (salsinntekter)	3.038
Driftsresultat før skatt	20.523

4 Transaksjonar med nærstående partar

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er eit 100 % eigd dotterselskap og er eit reint eigedomsmeklingsføretak.

I konsernrekneskapen er bankinnskott eliminert med NOK 14,9 mill.

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS har eit underskot etter skatt pr. 31.12.2013 på NOK 325.000. Sjå òg note 3.

5 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.

6 Informasjon om sektor og næring på utlån og fordringar til kunder og innskot frå kunder

Utlån til og fordringar på kunder (morbank og konsern)

i 1.000 kr

	*Morbank			Konsern
	31.12.2013	31.12.2012	2012 +/-	31.12.2013
Lønstakarar	2.094.794	2.174.898	-80.104	2.095.324
Jordbruk, skogbruk, fiske	43.016	47.788	-4.772	43.016
Industri	33.807	26.162	7.645	33.807
Bygg og anlegg	88.802	81.500	7.302	88.802
Handel, hotell, transport, tenester	222.789	173.544	49.245	222.789
Finansiering, eigedomsdrift	286.107	290.958	-4.851	286.107
Offentleg forvaltning og andre	54.832	53.428	1.404	54.832
Sum utlån før nedskrivingar	2.824.147	2.848.279	-24.132	2.824.677
Individuelle nedskrivingar	-14.361	-13.551	-810	-14.361
Gruppevis nedskrivingar	-6.300	-7.300	1.000	-6.300
Sum utlån til og fordringar på kunder i balansen	2.803.486	2.827.428	-23.942	2.804.016
Utlånportefølje hos Eika Boligkreditt AS	683.576	492.438	191.138	683.576
Totale utlån	3.487.062	3.319.866	167.196	3.487.592

	*Morbank			Konsern
	31.12.2013	31.12.2012	2012 +/-	31.12.2013
Lønstakarar	1.383.891	1.309.896	73.996	1.383.891
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	54.742	46.746	7.997	54.742
Industri	37.565	20.033	17.531	37.565
Bygg og anlegg	56.992	61.702	-4.711	56.992
Handel, hotell, transport, tenester	51.107	58.271	-7.164	36.198
Finansiering, eigedomsdrift	333.331	366.101	-125.829	333.331
Offentleg forvaltning og andre	228.490	208.722	112.826	228.490
Sum innskot	2.146.118	2.071.471	74.647	2.131.209

* Morbank 2012 er både morbank og konsern

7 Misleghald og tap på utlån morbank og konsern

a) Brutto- og netto mislighaldne engasjement

i 1.000 kr

	31.12.2013	31.12.2012
Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar		
Misleghald næringslivskundar	17.955	12.745
Misleghald personkundar	11.859	12.201
= Brutto misleghaldne engasjement	29.814	24.946
- Individuelle nedskrivningar	5.544	6.468
= Netto misleghaldne engasjement	24.270	18.478

b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje mislighaldne

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	39.734	30.077
- Individuelle nedskrivningar	8.817	7.084
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	30.917	22.993

c) Kostnadsførte tap gjennom året

	2013	2012
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året	-1.000	800
+ Konstanterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	9.487	1.743
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	398	1.156
+ Nye individuelle nedskrivningar	7.596	7.014
+ Auke i eksisterande individuelle nedskrivningar	3.200	1.431
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar	10.264	6.805
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	131	183
= Tapskostnader på utlån i inneverande år	9.286	5.156
= Tapskostnader på garantiar i inneverande år	0	-100

Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året

+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	13.551	12.004
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	9.487	1.743
+ Netto auka individuelle nedskrivningar gjennom året	3.200	1.431
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	7.596	7.014
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	499	5.155
= Individuelle nedskrivningar på utlån	14.361	13.551

Tapsavsetninger på garantiar

	0	0
--	----------	----------

Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året

Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	7.300	6.500
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	-1.000	800
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån	6.300	7.300

d) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	1.229	1.044
--	-------	-------

8 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	*Morbank		*Morbank		*Morbank		*Morbank		*Morbank	
	Brutto engasjement	Individuell nedskrivning	Gruppenedskrivning	Netto engasjement					%	%
Personmarknad	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012
Låg	2.238.902	2.297.580	1.500	0	658	0	2.236.744	2.297.580	67,4 %	69,7 %
Normal	54.257	52.479	0	630	0	339	54.257	51.510	1,6 %	1,6 %
Høg	6.375	8.155	0	718	0	387	6.375	7.051	0,2 %	0,2 %
Problemengasjement	1.154	5.170	538	2.127	236	1.146	380	1.897	0,0 %	0,1 %
Ikkje klassifiserte	6.064	8.033	21	0	9	0	6.033	8.033	0,2 %	0,2 %
Sum	2.306.752	2.371.418	2.059	3.475	903	1.872	2.303.789	2.366.071	69,5 %	71,7 %
Næringsliv	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012
Låg	840.844	752.157	106	0	47	0	840.691	752.157	25,3 %	22,8 %
Normal	112.510	127.191	6.917	3.770	3.034	2.031	102.559	121.391	3,1 %	3,7 %
Høg	74.599	53.092	5.279	6.307	2.316	3.397	67.004	43.388	2,0 %	1,3 %
Problemengasjement	127	802	0	0	0	0	127	802	0,0 %	0,0 %
Ikkje klassifiserte	2.219	14.357	0	0	0	0	2.219	14.357	0,1 %	0,4 %
Sum	1.030.298	947.599	12.302	10.077	5.397	5.428	1.012.600	932.095	30,5 %	28,3 %
Risikoklasse	Brutto engasjement	Individuell nedskrivning	Gruppenedskrivning	Netto engasjement	%	%	%	%	%	%
TOTAL	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013	31.12.2012
Låg	3.079.746	3.049.738	1.606	0	705	0	3.077.435	3.049.738	92,8 %	92,5 %
Normal	166.767	179.670	6.917	4.400	3.034	2.370	156.816	172.900	4,7 %	5,2 %
Høg	80.974	61.248	5.279	7.025	2.316	3.784	73.379	50.439	2,2 %	1,5 %
Problemengasjement	1.281	5.972	538	2.127	236	1.146	507	2.699	0,0 %	0,1 %
Ikkje klassifiserte	8.283	22.390	21	0	9	0	8.252	22.390	0,2 %	0,7 %
Sum	3.337.050	3.319.017	14.361	13.552	6.300	7.300	3.316.389	3.298.166	100,0 %	100,0 %

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unytta kredittrammer, garantiar og unytta garantirammer.

*Morbank 2012 er både morbank og konsern

9 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

				Bokført verdi		Rente-	
Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.12.2013	31.12.2012	vilkår	
Sertifikat- og obligasjonslån							
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.922	164.753	3 mnd. NIBOR + 1,15 %	
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	150.000	150.361	150.236	3 mnd. NIBOR + 1,30 %	
NO0010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	0	100.099	3 mnd. NIBOR + 0,75 %	
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	100.172	100.163	3 mnd. NIBOR + 0,95 %	
NO0010649205	06.06.2012	06.06.2017	125.000	125.010	124.933	3 mnd. NIBOR + 2,25 %	
NO0010664931	30.11.2012	30.11.2015	100.000	100.201	100.194	3 mnd. NIBOR + 1,15 %	
NO0010671274	06.02.2013	06.02.2017	100.000	100.197	0	3 mnd. NIBOR + 1,20 %	
NO0010672967	07.03.2013	07.03.2016	110.000	110.317	0	3 mnd. NIBOR + 1,10 %	
NO0010699176	13.12.2013	13.12.2018	50.000	49.962	0	3 mnd. NIBOR + 1,15 %	
Sum gjeld ved utsteda verdipapir				901.142	740.378		
Fondsobligasjoner							
NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande	40.000	39.953	39.877	3 mnd. NIBOR + 2,15 %	1)
		Calldato 29.09.2014					
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	0	35.467	Referanserente + 6 %	2)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	58.188	57.934	3 mnd. NIBOR + 5,50 %	3)
NO0010675747	30.04.2013	Evigvarande	40.000	40.196	0	3 mnd. NIBOR + 4,90 %	4)
		Calldato 30.04.2018					
Sum ansvarleg lånekapital				138.337	133.278		

1) Frå 29.09.2014 aukar rentetillegget (margin til referanserente) med 1 % til 3,15 %.

Banken kan frå 29.09.2014 og ved seinare rentereguleringsdatoar i september innfri lånet heilt til kurs 100 %.

2) Referanserenta tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsetjingsdag for norsk syntetisk årleg effektiv rente på statskassevekslar med 6 månaders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.

3) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å konvertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingsstidspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.

4) Lånet tel som kjernekapital også etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som kjernekapital. Banken kan frå 30.04.2018, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.

10 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

	*Morbank		Konsern
	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2013
Kjernekapital:			
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812	32.812
Sparebankens fond	139.212	133.931	138.887
Gåvefond	23.206	18.425	23.206
Utjamningsfond	18.332	15.005	18.332
Frådrag	-39.218	-43.300	-40.383
Rein kjernekapital	205.969	188.498	204.479
Fondsobligasjonar	137.711	130.623	137.711
Kjernekapital	343.680	319.121	342.190
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	343.680	319.121	342.190
Eksponeeringskategori:			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	2.200	3.338	2.200
Institusjonar	123.816	88.026	123.816
Føretak	178.454	189.835	176.193
Massemarknad	0	0	0
Pantesikra eigedom	1.228.462	1.201.881	1.228.462
Forfalne engasjement	28.013	22.479	28.013
Obligasjonar med fortrinnsrett	11.442	11.078	11.442
Andelar verdipapirfond	34.909	28.957	34.909
Andre engasjement	203.331	203.225	203.898
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	136.467	122.766	136.467
Frådrag	-48.017	-48.250	-48.153
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.899.076	1.823.335	1.897.246
Kapitaldekning %	18,10 %	17,50 %	18,04 %
Kjernekapitaldekning %	18,10 %	17,50 %	18,04 %
Rein kjernekapitaldekning %	10,85 %	10,34 %	10,78 %

* Morbank 2012 er både morbank og konsern

11 Eigenkapitalbevis

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 31.12.2013 NOK 31.625.000 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,-.

Eigarandelsbrøken for 2012 er utrekna med utgangspunkt i eigenkapitalfordeling pr. 31.12.2011, justert for utbetalningar gjennom 2012. Tilsvarende er eigarandelsbrøken for 2013 utrekna med utgangspunkt i fordeling pr. 31.12.2012 justert for utbetalningar gjennom 2013.

	i 1.000 kr	
	2013	2012
Eigarandelsbrøk, morbank		
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812
Utjamningsfond	12.949	3.949
Sum eigarandelskapital (A)	77.386	68.386
Sparebankens fond	133.931	121.291
Gåvefond	17.925	8.195
Grunnfondskapital (B)	151.856	129.486
Fond for urealisert vinst	11.816	279
Avsett utbytte, gåver og konsernbidrag	2.056	1.265
Anna eigenkapital	0	0
Sum eigenkapital	243.114	199.416
Eigarandelsbrøk A / (A+B)	33,76 %	34,56 %
Utbytte		
Avsett utbytte per eigenkapitalbevis (tal i heile kr.)	3,25	2,00
Samla utbytte	2.056	1.265

Dei 20 største eigarane pr. 31.12.2013 utgjør 49,85 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

31.12.2013					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	HEYERN AS	10.000	1,37 %
VERDIPAPIRFONDET EIK	41.930	7,38 %	SECURUS AS	10.000	1,30 %
KØHLERGRUPPEN AS	33.816	5,35 %	TH DAHL AS	9.500	1,26 %
ROGNE HELGE	25.513	3,87 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,21 %
BEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,20 %
DØSKELAND BØRGE	20.850	1,77 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,08 %
EUROVEST AS GEIR KAASEN	14.800	1,58 %	MOEN EGON MOGENS	6.000	1,05 %
WAHLSTRØMERIK	11.595	1,58 %	WIKBORG TORD GEIR	5.550	0,95 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,49 %	THU LEIF MAGNE	5.098	0,88 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,30 %	HUNDERE ROY HELGE	5.000	0,79 %
SUM				315.285	49,85 %

31.12.2012					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %
TERRA UTBYTTE	42.700	6,75 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
HILLEIK AS	33.816	5,35 %	THU	6.853	1,08 %
ROGNE	28.513	4,51 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
BEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
DØSKELAND	22.141	3,50 %	MOEN	6.000	0,95 %
LEIEPAKKING AS	17.650	2,79 %	WIKBORG	5.550	0,88 %
WAHLSTRØM	11.500	1,82 %	FJORD1 FYLKESBAATAN AS	5.000	0,79 %
TERRA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	GG EIENDOM AS	5.000	0,79 %
HEYERN AS	10.000	1,58 %	HOL SPAREBANK	5.000	0,79 %
SUM				315.356	49,86 %

12 Verdipapir

Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi. Verkeleg verdi tilsvarar balanseført verdi.

i 1.000 kr.

	31.12.2013			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	26.440	170.658	8.791	205.889
Verdipapir tilgjengeleg for sal			86.434	86.434
Sum eigendelar	26.440	170.658	95.225	292.323
Avstemming av nivå 3				
Inngåande balanse			90.655	
Gevinst og tap resultatført			-418	
Gevinst og tap i andre resultatkomponentar			11.537	
Investerings			8.919	
Sal			-15.468	
Utgåande balanse			95.225	

	31.12.2012			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	23.436	173.138	9.967	206.541
Verdipapirer tilgjengeleg for sal			80.688	80.688
Sum eigendelar	23.436	173.138	90.655	287.229
Avstemming av nivå 3				
Inngåande balanse			79.781	
Gevinst og tap resultatført			-4.639	
Gevinst og tap i andre resultatkomponentar			-15.904	
Investerings			31.417	
Sal			0	
Utgåande balanse			90.655	

Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi:

Nivå 1 – Verdsetjing skjer i høve til kvoterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eigendelar/forpliktingar. Eit finansielt instrument vert vurdert som kvotert i ein aktiv marknad dersom kursar er enkelt og regelmessig tilgjengeleg frå ein børss, forhandlar, meklar, næringsgruppering, prissettingsteneste eller reguleringsstyresmakt, og desse kursane representerer faktiske og regelmessig førekomande marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand. I kategorien inngår mellom anna børssnoterte aksjar og likvide aksje- og pengemarknadsfond.

Nivå 2 – Verdsetjing skjer gjennom annan input enn kvoterte prisar på nivå 1 som er observerbare for eigendelen/forpliktinga, enten direkte eller indirekte (utleia prisar). I dei tilfelle der det ikkje finst tilgjengelege marknadsprisar i ein aktiv marknad, er instrumenta først og fremst forsøkt verdsett ved hjelp av verdsetjingsmetodar basert på observerbare input/og eller tilnærma likearta instrument/produkt. Prising av renteberande papir, mellom anna fastrenteutlån, vert basert på rentekurver henta i aktive marknader. Verkeleg verdi på finansielle instrument tilgjengeleg for sal, vert fastsett for obligasjonar av Swedbank.

Nivå 3 – Verdsetjing på input som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Dersom fastsetjing av verdi ikkje er tilgjengeleg i høve til nivå 1 og nivå 2, vert verdsetjingsmetodar som baserer seg på ikkje-observerbar informasjon nytta. For aksjar som ikkje vert handla i regulert marknad vert siste omsette kurs nytta, eller nylege emisjonskursar, et. bokført verdi av eigenkapital. Konsernet gjer føresetnader basert på marknadsforholda som eksisterer på kvar balansedag. Verdien på aksjane i Eika Gruppen er vurdert ut frå verdsetjing føreteke av finansavdeling i Eika Gruppen. Verdien er vurdert etter anerkjente metodar for verdivurdering, og er utført av Eika Gruppen AS sin bankanalytikar. Verdien er sett til NOK 100,- pr. aksje.



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.INDRESOGNSPAREBANK.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen